



FJELL KOMMUNE

Rådmannen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Att. Jostein Fjærestad

Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksb. – tlf.	Dato
2018/11696	2017/5695 - 16926/2018	Lillian Torsvik - 55097061	19.06.2018

Svar på brev vedkomande Nye Sotra vgs - tomteevaluering

Vi viser til dykkar brev datert 07.06.2018, vedlagt Norconsult sin rapport, der de ber om tilbakemelding på om marknadspris er rett føresetnad for tomtene 45 og 46 som er heilt eller delvis eigd av Fjell kommune.

Fellesnemnda for nye Øygarden kommune behandla saka i møte 18.06.18, der Fellesnemnda gjorde slikt vedtak:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 18.06.2018:

- 1. Fellesnemnda meiner at omsyn til elevane må setjast først ved val av ny tomt til vidaregåande skule. Sotra vidaregåande skule, Bildøy, har i dag gamle og på dei fleste område utdaterte lokale. Det er difor avgjerande at tomteval ikkje påverkar framdrifta.*
- 2. Fellesnemnda meiner at det er to alternativ, tomt 41 Bildøytangen og tomt 45 Stovevatnet, som peikar seg ut. Fellesnemnda ynskjer å gå i vidare dialog med Hordaland fylkeskommune knytt til desse to alternativa.*
- 3. Fellesnemnda ber dei tre ordførarane forhandla med fylkeskommunen både om pris på tomten og eventuelt makebyte når det gjeld eksisterande vidaregåande skular på Bildøy og i Sund.*
- 4. Fellesnemnda er innforstått med at det er Fjell kommune som vert formell eigar av tomt 45 på Straume og soleis er den formelle forhandlingspart i høve fylkeskommunen fram til den nye kommunen er etablert 01.01.2020.*

5. *For tomt 41 føreset fellesnemnda at tomta vert overført til kommunalt eige dersom dette vert den aktuelle tomta.*

Vedtaket opnar opp for at spørsmålet om marknadspris og eventuelt makebyte, vil vera grunnlag for forhandlingar mellom Fylkeskommunen og ordførarane i dei tre kommunane i Fjell, Sund og Øygarden.

Ordførar i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjorøy, vil ta kontakt for nærare avtale om tidspunkt for forhandlingsmøte.

Med helsing

Lillian Torsvik
Kst. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.